



Vaksdal kommune  
Osterøy kommune  
Lindås kommune



Vår ref.: 2017/17742-17

Dykkar ref.:

Bergen, 05.11.2018

## Båtrute Osterfjorden – oppfølging av politiske vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland gjorde i møte 25.10.2018 følgjande vedtak i sak om lokale båtruter Osterfjorden og Geitanger-Knappskog (PS-253/2018):

*Fylkeskommunen vil førebu kjøp av transporttenester for båtrutene Osterfjord og Geitanger-Knappskog. Føresetnaden er at tilbodet kan driftast innanfor dagens kostnadsrammer, og ber dei involverte kommunane medverke til finansiering med ei 50/50 kostnadsdeling. Dersom det etter konkurransen viser seg at kostnadane vert høgare enn dagens kostnadsnivå, skal saka til politisk handsaming.*

Skyss førebur no anbudsutsetjing av båtruta i Osterfjorden, med grunnlag i dette vedtaket. Utgangspunktet er dagens tilbod og tilskottsramme. Det vert lagt opp til 2 års kontrakt med 1 + 1 års opsjon. Full anskaffingsprosess kan først starte når ein har innhenta all naudsynt informasjon om innhaldet i anbudsgrunlaget.

Vi ber med dette kommunane om å avklare medverking til 50 prosent finansiering av det totale tilskottet på omlag 1,3 mill. kr, det vil seie om 650 000 kr årleg. Endeleg kostnad veit ein først etter gjennomført konkurranse. Det vert og bede om samla skriftleg tilbakemelding om kommunane sine forventningar om kva tenester og tilbod som børe vere knytt til anbudet. Frist for tilbakemelding om innhaldet i tenestekjøpet er 23.11.2018.

I samband med anbudsutsetjinga er det behov for nærare undersøking og vurderingar av kai- og landforhold for av- og ombordstiging. Skyss kan ikkje legge opp til anløp på stader der det ikkje er gode nok kaitilhøve. I dette arbeidet vil ein måtte innhente lokal kunnskap og informasjon om fysiske tilhøve, eigartilhøve, bruken av stoppestaden, med vidare. Skyss planlegg ein befarung av ruta, og ser svært gjerne at ein gjer dette saman med representantar for kommunane.

Befarung er planlagt 20. november 2018. Vi starter på Vikanes kl 09:00, og reknar med å vere attende på Vikanes seinast kl 13:00. Vi ber om snarleg tilbakemelding frå dykk om deltaking på denne befarunga – til: [vigdis.bjorgo@skyss.no](mailto:vigdis.bjorgo@skyss.no)

Med vennleg helsing,  
Målfrid Vik Sønstabø  
kst. direktør Skyss

Vigdis Bjørgo  
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

